

Farleg avfall på Voss og i Hardanger

Handsaminga av farleg avfall hjå ulike verksemder på Voss og i Hardanger.



Juni, 2004

Samandrag

- Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har gjennomført ei undersøking hjå 18 ulike verksemdar på Voss og i Hardanger for å sjå korleis dei handsamar det farlege avfallet sitt. Stordelen av verksemdene er små, eller mellomstore.
- Samla har verksemdene fått informasjon frå ei rekkje ulike kjelder. Mellom desse er IHM og verksemdene sin eigen bransje dei som vart nemnt av flest. Over halvparten av dei spurde oppgav at dei har fått informasjon om farleg avfall frå IHM.
- Berre tre av verksemdene oppgjev at dei kastar noko av det farlege avfallet sitt i restavfallet
- NVH fann graverande tilfelle av uforsvarleg handsaming av farleg avfall ved to ulike verksemdar.
- Fire av dei 17 verksemdene som vart spurde om dette oppgav at dei ikkje har deklarasjonar for innlevert farleg avfall, slik dei er pålagd. Mellom desse finn me Jondal kommune og Ullensvang herad.
- Noko overraskande kjem dei små verksemdene (15 eller færre tilsette) betre ut av undersøkinga enn dei store.
- Heile 13 av dei 16 verksemdene som fekk dette spørsmålet er godt nøgde med dei ordningane dei har i dag. Likevel ynskjer fem av dei å få meir informasjon om farleg avfall.
- NVH er jamt over godt nøgd med funna i undersøkinga.

Innhald

1. Innleiing
2. Om farleg avfall
3. Metode
4. Mottaking og kunnskap
5. Mengder og lagring
6. Mottakar og deklarasjonar
7. Informasjon og praktiske løysingar
8. Konklusjonar



Innleiing

- Naturvernforbundet Hordaland (NVH) gjennomførde i mai 2004 ei undersøking hjå 18 ulike verksemder på Voss og i Hardanger som produserer farleg avfall. Ei liste over dei verksemdene me vitja er lagt som vedlegg. Prosjektet er finansiert av Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM).
- Bakgrunnen for undersøkinga er at NVH ynskjer å kartleggja kva for haldningar ulike verksemder har til farleg avfall, og samstundes skapa større merksemd rundt problemstillingar knytt til farleg avfall. NVH har delt ut relevant informasjon frå NORSAS som vil hjelpe dei i omgangen med farleg avfall.
- Denne rapporten er vidare eit ledd i IHM sitt mangeårige arbeid for å betra innsamlinga av farleg avfall i sin region. Gjennom denne rapporten ynskjer IHM å skapa seg eit bilete av kvar dette arbeidet står i dag.
- Vitjingane ved dei ulike verksemdene på Voss vart gjennomført av Ingar Flatlandsmo frå NVH og Inge Hommedal frå Voss Naturvernlag. I Hardanger vart vitjingane gjennomførte av Ingar Flatlandsmo og Steinar Soldal frå NVH. Ingar Flatlandsmo har handsama resultatata og utarbeida denne rapporten. Rapporten vil verta presentert for IHM og Fylkesmannen si Miljøvernavdeling. Vidare vil den verta lagt ut på Naturvernforbundet Hordaland sine sider på internett.

Om farleg avfall

- Farleg avfall er avfall som kan påverka miljøet negativt. Farleg avfall kan også innehalde miljøgifter. Dette er stoff som er skadelege for menneske, dyr eller andre organismar, enten fordi dei er akutt giftige, har lang nedbrytingstid eller fordi dei hopar seg opp i organismar over tid.
- Sjølv små mengder farleg avfall kan ha store konsekvensar for natur og miljø. Eksempelvis er ein dråpe olje nok til å ureine 1000 liter vatn.
- Årleg oppstår det ca. 650.000 tonn farleg avfall i Noreg (SFT). Av dette reknar ein med at 30.000 tonn kjem på avvege.
- Døme på farleg avfall:
 - Alle oljeprodukt, kjemikaliar og malingsprodukt.
 - Reingjering- og vedlikehaldsprodukt som pussemiddel, flekkfjerner, rustfjerner og låsspray.
 - Produkt med kvikksølv som gamle batteri, lysrøyr og termometer.
 - Produkt med kadmium som knappellebatteri og oppladbare batteri.
 - Plantevernmidel, rottegift, soppmiddel osv.
 - Hobbykjemikaliar, lim, fotokjemikaliar, korrekturlakk, neglelakk osv.

Metode

- NVH hadde i forkant av denne undersøkinga eit møte med IHM. Her vart mellom anna metode diskutert. Under intervju med dei ulike verksemdene vart det vedlagde spørjeskjemaet nytta.
- Eit kort brev vart sendt ut til dei ulike verksemdene omlag to veker før undersøkinga. Alle verksemdar vart så ringt opp per telefon ei veke etter. Her vart tidspunkt for besøket avtala.
- **Skjemaet er laga for å gje ulike typar informasjon:**
Spørsmål 1 er meint å gje eit inntrykk av intervjuobjektet sin kunnskap om farleg avfall generelt.
- Spørsmål 2 er meint å gje ei oversikt over kva former for farleg avfall dei ulike verksemdene har og kva for mengder det er snakk om. Vidare ynskjer ein å finna ut korleis dette avfallet vert lagra. For å kunne komma med så gode oppfølgingsspørsmål som mogeleg har det vorte utforma eigne bransjespesifikke skjema, som viser kva for typar farleg avfall ein kan venta å finna i dei ulike verksemdene.

- Spørsmål 3 gjev intervjuobjektet høve til å presentera kva ordningar verksemda har for handsaminga av farleg avfall, utan at det vert stilt kvar til dokumentasjon. Her vert det også spurt om kvifor verksemda eventuelt ikkje leverer farleg avfall.
- Spørsmål 4: Etter å ha lagt fram sine ordningar i spørsmål 3 blir intervjuobjektet her bede om å dokumentera ordningane sine. Alle bedrifter har plikt til å lagra deklarasjonar for innlevert farleg avfall. NVH kan som frivillig organisasjon ikkje krevja å verta førelagd slik dokumentasjon, dersom verksemda sjølv nektar.
- Spørsmål 5 og 6 er laga for å gje eit inntrykk av korleis dei tenestene som verksemdene nyttar seg av i dag fungerer, samt kva for tenester dei kunne tenkja seg i framtida. Slik informasjon bør kunne vera av interesse for ei rekkje instansar i etterkant av undersøkinga.
- I enkelte tilfelle ba NVH og Voss Naturvernlag sine representantar om å få sjå på lagringsforholda for farleg avfall ved verksemdene.

Mottaking og kunnskap

- **Mottaking hjå verksemdene**

Undersøkinga vart gjennomført hjå alle verksemdene som fekk brev, bortsett frå Granvin Maskinstasjon AS, der ingen var tilstades på det avtalte tidspunktet, og heller ikkje tilgjengeleg på telefon. Innehavaren av Eidfjord Bil og Last AS hadde ikkje tid til å gjennomføra eit fullt intervju. NVH og Voss Naturvernlag sine representantar vart generelt godt mottekne hjå dei ulike verksemdene.

- **Kunnskap**

Det viste seg at få av intervjuobjekta klarte å nemna mange ulike typar farleg avfall på ståande fot. Dei fleste var svært fokusert på dei ulike typane farleg avfall som deira eiga verksemd produserte. Av denne grunn vart då også spørsmål 1a) kutta frå spørjeskjemaet etter dei fyrste verksemdene.

- **Informasjon**

Samla har dei ulike verksemdene fått informasjon frå ei rekkje ulike kjelder. Mellom desse er IHM og bransje dei som vart nemnt av flest. Dei verksemdene som oppgav å ha fått informasjon frå eigen bransje, er jamt over dei som kjem best utav undersøkinga. Over halvparten av dei spurde oppgav at dei har fått informasjon om farleg avfall frå IHM. Av desse igjen oppgav to at dei berre har fått informasjon privat. Frisørsalongen Salong Joy i Ulvik oppgjev at dei ikkje har motteke nokon form for informasjon om farleg avfall frå noko hald.

Mengder og lagring

- Dei undersøkte verksemdene har med få unntak relativt små mengder farleg avfall. Dette gjeld spesielt i Hardanger, der ein finn lite industri.
- Dei fleste intervjuobjekta kunne som venta ikkje oppgje den eksakte årlege mengda av dei ulike stoffa. Alle tal som er oppgjevne i skjemaet er såleis omtrentlege.
- Berre tre av verksemdene oppgjev at dei kastar noko av det farlege avfallet sitt i restavfallet. I to av tilfella er det snakk om herda lakk, og dette skulle såleis vera i samsvar med føreskriftene. Voss Sjukehus oppgjev vidare at dei kastar restar av sterke rengjeringsmiddel i restavfallet.
- To av verksemdene oppgjev at dei lagrar olje på fat utandørs. SFT opplyser at slik lagring i utgangspunktet ikkje er brot på føreskriftene, men det medfører klart høgare risiko for utslepp.
- I tillegg fann NVH to graverande tilfelle av uforsvarleg handsaming av det farlege avfallet ved to verksemdar i Hardanger. Her er det snakk om lagring av svovelsyre og batteri usikra utandørs utan inngjerding.
- I dei andre tilfella der NVH ba om å få sjå på lagringsforholda såg alt ut til å vera i god orden.



Batteria står trygt innelåste, det er verre med svovelsyra

Mottakar og deklarasjonar

- Sju av dei 18 verksemdene i undersøkinga kunne leggja fram deklarasjonar for innlevert farleg avfall. Vidare oppgav fem verksemdar å ha deklarasjonar, utan å kunne visa desse fram. To verksemdar har deklarasjonar på deler av avfallet sitt, medan fire verksemdar ikkje har deklarasjonar.
- Mellom dei fire verksemdene som ikkje har deklarasjonar er Jondal kommune og Ullensvang herad.
- Undersøkinga viser at dei små verksemdene er dei som har best orden i sakene relatert til farleg avfall. Av dei åtte verksemdene med 16 eller fleire tilsette kunne to leggje fram deklarasjonar for innlevert farleg avfall, medan heile seks av dei ti verksemdene med 15 eller færre tilsette kunne leggja fram deklarasjonar.

Informasjon og praktiske løysningar

- Av dei 16 verksemdene som svarte på spørsmål 6 var 13 godt nøgde med dagens situasjon. Av desse oppgjev fleire verksemder god kontakt med IHM som forklaring.
- Dei tre verksemdene som ikkje seier seg nøgde med situasjonen ynskjer alle meir informasjon om handsaming av farleg avfall. I alt ynskjer fem verksemder å motta meir informasjon.
- Ei verksemd ynskjer assistanse på korrekt lagring av avfall, medan ei ynskjer hyppigare henting av det farlege avfallet sitt.



Konklusjon

- Undersøkinga viser at tilstanden ikkje er så ille som det kunne vera grunn til å frykta, sjølv om det er viktig å gjera merksam på at NVH i stor grad må basera seg på at verksemdene svarar ærleg på spørjeskjemaet. Ein mogeleg orsak til at ting står bra til kan vera at det i seinare tid har vore stor merksemd rundt handsaming av farleg avfall.
- Det er spesielt gledeleg at berre ei verksemd oppgjev at dei kastar farleg avfall i restavfallet.
- Dei to graverande tilfella av uforsvarleg lagring viser at det likevel er ting som må betrast.
- Sjølv om det er gledeleg at sju verksemdar la fram deklarasjonar som viser at det farlege avfallet er handsama på korrekt måte er det urovekkjande at to av tre kommunar ikkje tek vare på deklarasjonar for innlevert farleg avfall, slik lova pålegg dei. Slik vert det offentlege sinkar i denne forma for avfallshandsaming, heller enn å fungera som pådrivar.



- Undersøkinga viser at informasjon frå bransjeorganisasjonar og liknande er viktig. NVH håpar at næringslivet i framtida vil satsa enda meir på å informera sine egne verksemder om korrekt handsaming av farleg avfall.
- Sjølv om det store fleirtalet av verksemder er godt nøgde med dagens tilbod er det truleg mykje som framleis kan gjerast på informasjonsfronten.
- Det er NVH sitt inntrykk at stordelen av dei feila som vart funne i undersøkinga kan skrivast attende til manglande informasjon, heller enn uvilje mot å fylgja regelverket.



Vedlegg 1

Liste over undersøkte verksemder:

1. Voss Prenteverk AS	Voss
2. Voss Glas og Fasade AS	Voss
3. Voss Jordbruksskule	Voss
4. HVM Bilsenter AS	Voss
5. Lakkeringservice	Voss
6. Voss Sjukehus	Voss
7. Johs Seim Bil AS	Voss
8. Jondal Stål AS	Jondal
9. Jondal kommune	Jondal
10. Lofthus Auto	Ullensvang
11. Ullensvang herad	Ullensvang
12. Eidfjord kommune	Eidfjord
13. Eidfjord Bil og Last AS	Eidfjord
14. Salong Joy	Ulvik
15. Ulvik Bensin og Service	Ulvik
16. Ulvik herad	Ulvik
17. Granvin Maskinstasjon AS	Granvin
18. Granvin Bruk AS	Granvin